



Sveio kommune
Postboks 40
5559 SVEIO

Saksbehandlar: Maren Nordby Fremstad

Vår ref.: 2025/60564-34

Dykkar ref.:

Bergen, 09.06.2026

Informasjon om oppstart av ny driftskontrakt for buss

Vi vil orientere om at det 29. juni 2026 er oppstart av ny busskontrakt i ruteområdet for buss som dekker kommunane Fitjar, Stord, Bømlo og Sveio.

Det blir ved oppstart av ny kontrakt lagt opp til ei vidareføring av dagens tilbodsnivå, med enkelte justeringar for å forbetre og tilpasse tilbodet. Blant dei større endringane er innføringa av Skyss Bestilling, som blir starta opp i kvar kommune i kontraktsområdet (sjå meir om Skyss Bestilling under).

Skyss stiller også krav til reduksjon av klimagassutslepp i den nye kontrakten. Vi forventar å redusere dagens klimagassutslepp med om lag 80 prosent. Dette bidreg til eit meir miljøvennleg og berekraftig kollektivtilbod.

For at fleire skal kunne reise enkelt med buss, ønsker Skyss å bruke lågentrébussar der det er mogleg. Ein lågentrébuss er ein buss med lågt golv ved inngangen, noko som gjer det lettare for reisande å gå av og på, til dømes eldre, barnefamiliar og personar med funksjonsvariasjonar. I denne kontrakten blir alle dei nye bussane av typen lågentré. Ei ulempe med lågentré er at det ikkje er eige bagasjerom under bussen. Det blir dermed ei endring for ein del av dei reisande i ruteområdet ved at det no blir enklare påstiging, men slutt på bagasjerom. Skyss har i samråd med operatørselskapet Tide, som har køyrd bussane i dette området i mange år, vurdert at det ikkje er behov for eigne bagasjeløysingar. Ein kan framleis ta med bagasje, dersom det er plass om bord og det er mogleg å plassere den trygt.

Vi set pris på den gode dialogen og innspelsmøte vi har hatt med kommunen i arbeidet fram mot ny kontrakt. Rutetilbodet er i stadig utvikling og blir kontinuerleg vurdert i tråd med behov og økonomiske rammer. Kommunen kan som tidlegare sende innspel og ønsker til Skyss som ein del av dette arbeidet vidare.

**Skyss Bestilling – bussar som køyrer når nokon har bestilt**

Skyss Bestilling er bussar som berre køyrer når nokon har bestilt, og vi tilbyr dette på stadig fleire plassar i Vestland. Tilbodet er ope for alle, og blir køyrd med bussar som er godt tilrettelagde for personar med funksjonsvariasjonar. Innbyggjarane i kommunen kan til dømes bestille ein tur dersom dei skal til butikken, på trening, til legen eller på besøk. Skyss Bestilling har både faste ruter på faste dagar, og bussar som køyrer i bestemte nærområde innanfor faste tidsperiodar.

De finn oversikt over tilbodet i kvar enkelt kommune på skyss.no/bestilling.

Turar med Skyss Bestilling kjem fram når du søker på reiser i Skyss-appen eller på skyss.no. Reisande bestiller turen i appen Skyss eller på telefon til Skyss kundeservice. All bestillingstransport i Vestland har lik billettpris som andre bussreiser.

Informasjon til innbyggjarar

I tillegg til at informasjon er gjort tilgjengeleg på Skyss sine nettsider, vil Skyss informere om tilbodet på ei rekke aktuelle flater. Det vil til dømes vere informasjon om Skyss Bestilling på skjermar om bord i bussane og på sosiale medium. Vi håpar at de i kommunen kan hjelpe oss med å spreie informasjon om Skyss Bestilling på dei flatene de har tilgjengeleg. Ta gjerne kontakt dersom de til dømes ønsker å låne informasjonsfilmar til bruk på digitale skjermar. Bruk dette skjemaet og vel «Våre tenester» og Skyss Bestilling: skyss.no/tilbakemelding

Med vennleg helsing,

Målfrid Vik Sønstabø
direktør

Maren Nordby Fremstad
rådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift.